

Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/534-1

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Dersom den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, er fylkestinget innstilt på at Sogn og Fjordane held fram og vert vidareutvikla som eige fylke/eigen region frå 2020.
2. Dersom Stortinget vedtek ei nasjonal regionreform som reduserer tal fylke/regionar til om lag 10, legg til rette for harmonisering mellom statlege regionar og det regionale folkevalde nivået og styrkar regionnivået, søker fylkestinget – i samsvar med inndelingslova – om at Sogn og Fjordane og Hordaland vert slegne saman til ein ny, folkevald region frå 2020 – Vestlandet/Vestlandsregionen. Fylkestinget legg til grunn at fylkestinget i Hordaland søker tilsvarande.

Fylkestinget legg i dette tilfelle den framforhandla intensjonsplanen av 17.01.17 til grunn som rammeverk for Vestlandet/Vestlandsregionen, med følgjande presiseringar:

- a) Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen i den nye regionen skal byggje på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette skal gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leiinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering skal dette prinsippet stå sentralt.
- b) Ekspertutvalet, som skal opprettast i samband med regionreforma, må leggje til rette for at Stortinget kan overføre nye og viktige oppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Fylkeskommunane må vere godt representerte i ekspertutvalet.
- c) Dersom nye folkevalde regionar får svært ulikt innbyggjartal, må Stortinget vurdere å fråvike generalistprinsippet for oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa.
- d) Det nye fylkesmannsambetet må få ei organisering og regional inndeling som samsvarer med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det vert òg lagt til grunn at embetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, i vår tilfelle med leiing frå Sogn og Fjordane.
- e) Fylkestinget stiller seg positiv til at kommunar i Rogaland og Møre og Romsdal, som eventuelt ønskjer å bli ein del av den nye folkevalde regionen på Vestlandet, søker om dette.

Vedlegg:

1. Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (signert 17.01.17).
2. Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane og Hordaland sin søknad til KMD om utsett frist (15.12.16).
3. Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt svarbrev om utsett frist til 03.02.17 (19.12.16).
4. Invitasjon til fylkesordføraren i Møre og Romsdal om ny forhandlingsrunde (15.12.16).
5. Svarbrev frå fylkesordføraren i Møre og Romsdal (21.12.16).

Fylkeskommunale dokument med relevans for saka (som *ikkje* ligg ved):

1. Fylkestingssak 65/15, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Regionreforma».
2. Fylkesordføraren sin førespurnad til Hordaland, Rogaland og Møre og Romsdal (19.01.16).
3. Felles forventningsbrev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (15.03.16).
4. Fylkesutvalssak 35/16, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Regionreforma – status og framdrift».
5. Fylkestingssak 24/16, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Framtidig Vestlandsregion – status, organisering og framdrift».
6. Fylkestingssak 39/16, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Intensjonsplan for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar».
7. Fylkestingssak 52/16, Sogn og Fjordane fylkeskommune: «Regionreforma og Sogn og Fjordane fylkeskommune».

Relevante bakgrunnsdokument (som *ikkje* ligg ved):

1. Meld. St. 22 (2015–2016) «Nye folkevalde regionar – rolle, struktur og oppgåver».
2. Meld. St. 14 (2014–2015) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar».
3. Fylkesordførarkollegiet (2014): «Oppgavefordeling ved en kommune- og regionreform».
4. Regjeringa sitt ekspertutval (2014): «Kriterier for god kommunestruktur».

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkesrådmannen syner til FT-sak 52/16 i Sogn og Fjordane, «[Regionreforma og Sogn og Fjordane fylkeskommune](#)», og den kronologiske framstillinga som der vert gjort av heile regionreformprosessen frå våren 2015 og fram til desember 2016. Saka gjer også greie for innhaldet i den første intensjonsplanen framforhandla mellom dei tre vestlandsfylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane 15.09.16.

Fylkestinget la 07.12.16, i handsaminga av denne planen, til grunn at dersom Stortinget gjennomfører ei nasjonal regionreform i tråd med intensjonen om omlag 10 folkevalde regionar, burde fylkeskommunen søkje om at Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland vert slegne saman til ein ny, folkevald region.

Då fylkestinget i Rogaland 14.12.16 valde å seie nei til denne intensjonsplanen, fekk det oppnemnde forhandlingsutvalet i Sogn og Fjordane i oppdrag å gjennomføre ein ekstra forhandlingsrunde med Hordaland i januar 2017. Dette føresette at Hordaland også var innstilt på ein slik ekstrarunde, samt at Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) aksepterte dette. I framkant av ein slik ekstra forhandlingsrunde fekk fylkesordføraren i oppdrag å invitere Møre og Romsdal fylkeskommune med i forhandlingane, noko fleire høyringsinstansar hausten 2016 også la stor vekt på at ein burde gjere.

Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane og Hordaland sende 15.12.16 ein søknad til KMD om å få utsett fristen for tilbakemelding etter ny «naboprat» og nye regionforhandlingar på Vestlandet til 03.02.17. KMD svarte 19.12.16 at fristen vart utsett i tråd med nemnde søknad.

Fylkesordføraren i Sogn og Fjordane inviterte fylkesordføraren i Møre og Romsdal til å delta i den nye forhandlingsrunden i eit eige brev 15.12.16. I svarbrevet frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 21.12.16, gjorde fylkesordføraren der greie for deira vedtak i regionreformsaka. Han understreka at det på denne bakgrunnen ikkje ville vere aktuelt å ta del i slike nye regionforhandlingar.

Fylkesordførarane i Sogn og Fjordane og Hordaland fastsette 22.12.16 datoar og opplegg for nye regionforhandlingar til 16.-17.01.17 ved Bjørnefjorden Gjestetun, Os kommune.

Dette saksframlegget har som hovudføremål å gjere greie for forhandlingane mellom Sogn og Fjordane og Hordaland. Forhandlingane resulterte i semje om ein ny intensjonsplan, signert 17.01.17. Ved signeringane vart det teke atterhald om godkjenning i dei respektive fylkesting.

Fylkesrådmannen vil i denne saka skildre innhaldet i planen, og gjer i saka ei todelt tilråding.

Det vert først tilrådd at dersom den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunn for å overføre viktige samfunnsoppgåver til regionalt folkevalt nivå, bør Sogn og Fjordane halde fram, og utviklast vidare, som eige fylke/eigen region frå 2020. Vi har ein veldriven fylkeskommune og kan syne til nokre av dei beste resultatane i landet innanfor fleire sektor-/fagområde. Utan ei reell regionreform er det ikkje grunnlag for samanslåing med Hordaland.

Det vert dernest tilrådd at dersom Stortinget vedtek ei nasjonal regionreform og reduserer dagens fylke til om lag 10 regionar, og vidare styrkar regionnivået ved ei rasjonell og gjennomtenkt oppgåveoverføring, bør Sogn og Fjordane fylkeskommune – i samsvar med inndelingslova – søkje Stortinget om samanslåing med Hordaland frå 2020. Ei ev. slik samanslåing bør byggje på den framforhandla intensjonsplanen.

2. Bakgrunn

Saksframstillinga – føremål og innretning

Fylkesrådmannen si innstilling til fylkestinget inneber at dersom den nasjonale regionreforma får som utfall at tal fylke vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, bør Sogn og Fjordane halde fram som eige fylke/eigen region frå 2020. Fylkeskommunen vår er veldriven og vi kan syne til nokre av dei beste resultatane i landet innanfor fleire sektor-/fagområde. Utan ei reell regionreform med overføring av viktige samfunnsoppgåver frå statleg nivå, er det ikkje grunnlag for samanslåing, slik fylkesrådmannen ser det.

Dersom Stortinget våren 2017 vedtek ei nasjonal regionreform, reduserer dagens 19 fylke til om lag 10 regionar og styrkar regionnivået gjennom ei rasjonell og gjennomtenkt oppgaveoverføring, bør Sogn og Fjordane fylkeskommune - i samsvar med inndelingslova - søkje Stortinget om samanslåing med Hordaland frå 2020.

Fylkesrådmannen går i dette saksframlegget igjennom hovudpunkta i intensjonsplanen som dannar grunnlaget for ei eventuell samanslåing mellom Sogn og Fjordane og Hordaland. Planen legg føringar på organisering, arbeidsdeling og utforming av ein ny folkevalt region på det sentrale Vestlandet frå 2020, og utgjer slik eit sentralt grunnlag for ei ev. fellesnemnd si endelege organisasjonsutforming.

Intensjonsplanen – grunnlag for vedtak og vidare organisasjonsutforming

Sjølv om det ikkje er eit vilkår i inndelingslova, har det vorte vanleg praksis for kommunar og fylkeskommunar som slår seg saman at dei i ein tidleg fase utarbeider og vedtek ein intensjonsplan. Føremålet er at planen skal avklare løysingsframlegg i høve dei mest sentrale spørsmåla før det vert gjort endelege politiske vedtak.

Inndelingslova kap. 3 «Initiativ og saksførebuing» peikar på at ein bør hente inn synspunkt på forslag rundt samanslåing frå innbyggjarane. Dette kan gjerast gjennom folkeavrøysting, spørjeundersøking, folkemøte eller på annan måte. I perioden 26.10.–23.11. gjennomførte fylkesrådmannen ei brei, offentleg høyring av den framforhandla intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Med endelege regionforhandlingar mellom Sogn og Fjordane og Hordaland 16.-17.01.17 har fylkesrådmannen ikkje hatt høve til å gjennomføre ei tilsvarande høyring i høve ny intensjonsplan. Fylkesrådmannen har likevel gjort ein analyse av høyringsmaterialet som kom inn hausten 2016, m.a. for å kartlegge særleg kommunane sine synspunkt på regionen sin storleik og framtidige regiongrenser.

I tillegg til å klargjere det overordna spørsmålet om Sogn og Fjordane fylkeskommune skal søkje Stortinget om samanslåing med eitt eller fleire fylke, er det her relevant å leggje vekt på at ei rekkje kommunar som var positive til samanslåing i ein større region samstundes peikte på at ei samanslåing med berre Hordaland vil vere å føretrekkje (m.a. av avstandsomsyn).

Forhandlingsutvalet si rolle

I samband med at Stortinget våren 2015 handsama Meld. St. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar», vart det vedteke å invitere fylkeskommunane inn i reformarbeidet. Med grunnlag i vedtaket vart fylkeskommunane i brev frå kommunal- og moderniseringsministeren 02.07.15 inviterte til å gjennomføre «nabosamtalar» for å greie nærare ut grunnlaget for vedtak om struktur- endringar på regionalt nivå hausten 2016.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane oppnemnde 18.04.16 eit forhandlingsutval som skulle gjennomføre den formelle dialogen og forhandle fram ein intensjonsplan for ein framtidig region saman med andre fylke på

Vestlandet. Utvalet vart sett saman av ein tillitsvaldrepresentant, fylkesordførar, fylkesvaraordførar, ein representant frå den politiske opposisjonen i fylkestinget samt fylkesrådmannen. Då fylkestinget i Rogaland valde å seie nei til intensjonsplanen som var framforhandla hausten 2016, fekk utvalet frå Sogn og Fjordane i oppdrag å gjennomføre ein ekstra forhandlingsrunde med Hordaland i januar 2017.

3. Intensjonsplan for samanslåing – fylkesrådmannen si vurdering

Mål for ein framtidig vestlandsregion

Intensjonsplanen slår fast at det overordna målet er at ein ny folkevald region på Vestlandet skal vere ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under regional folkevald styring. I tillegg var det i forhandlingane semje om å halde fram seks hovudmålsetjingar:

1. Sterkare demokrati gjennom ein ny folkevald region.
2. Framtidsretta samfunnsutvikling på Vestlandet.
3. Høg kvalitet i tenestene gjennom ein desentralisert struktur for tenesteyting.
4. Strategisk infrastrukturbygging.
5. Kultur og identitetsbygging.
6. Berekraftig forvaltning av dei samla ressursane.

Fylkesrådmannen meiner dei seks hovudmåla speglar omsyna som dei to forhandlingsutvala la vekt på som grunnlag for ein framtidig region på Vestlandet 16.-17.01.17. Ved ein reduksjon i talet på folkevalde regionar til om lag 10, ligg det til rette for at ein ny region får større demokratisk påverknad regionalt og nasjonalt. Innanfor ein større region kan vi arbeide målretta og samordna m.a. for å sikre fleire statlege etableringar til Vestlandet enn det fylkeskommunane kan få til kvar for seg, jf. hovudmål 1.

Fylkesrådmannen understrekar at ein føresetnad for eit sterkare demokratisk regionnivå er at viktige samfunnsoppgåver vert overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Nye oppgåver må sjåast i samheng med noverande ansvarsområde. Fylkesrådmannen forventar at det nye ekspertutvalet, som Stortinget vedtok å opprette i samband med handsaminga av Meld. St. 22 (2015-16), tek på alvor at nye regionar skal utgjere eit styrka folkevalt mellomnivå i den norske forvaltninga.

Hovudmål 2 slår fast at vi innanfor rammene av ein vestlandsregion får ei moglegheit til å ivareta samfunnsutviklarrolla meir samordna. Fylkesrådmannen meiner fylkeskommunane alt i dag er sterke initiativtakarar for lokal og regional samfunnsutvikling. Ei styrka rolle handlar om å koordinere summen av innsats retta mot fagområde som samfunns- og arealplanlegging, klima og miljøvern, folkehelse, kompetanse og opplæring, kultur, ressursforvaltning, samferdsle, infrastruktur og næringsutvikling for det sentrale Vestlandet. Arbeidet krev samarbeid med offentlege styresmakter og private aktørar som regionalt folkevalt nivå ikkje har instruksjonsmynde over, men som fungerer i ein regional partnerskap.

I intensjonsplanforhandlingane vart det lagt stor vekt på at verkemiddelapparatet for næringsutvikling og innovasjon også må bygge opp under den nye regionale partnerskapen.

Ein ny folkevald region på Vestlandet skal vidareutvikle tenestetilbodet gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur, jf. hovudmål 3. Det vil vere avgjerande for den vidare samfunnsutviklinga i Sogn og Fjordane at vi tek vare på, og styrkar, fokuset på å yte gode tenester der innbygarane bur og lever. Fylkesrådmannen meiner prinsippet om ein brukarnær og desentralisert struktur understrekar at oppgåver innanfor alle sentrale fagområde skal kunne utførast i begge dagens fylke også i framtida.

Hovudmål 4 peikar på behovet for betre samband internt i regionen, der også gode kommunikasjonar mot resten av landet og Europa står sentralt. Fylkesrådmannen meiner satsing på infrastruktur og

kommunikasjonar bør føre til at vi nyttar synergjar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. Auka samhandling og utvida bu- og arbeidsmarknadsregionar skaper sjølvgenererande vekst- og utvikling. Realisering av opprusta og ferjefri E39 vil vere ein viktig faktor for å utvikle Vestlandet som vekstregion.

Kultur og identitetsbygging er trekt fram som eit eige hovudmål 5. Den nye regionen på Vestlandet skal medverke til å bygge ein sterkare felles kultur og identitet på tvers av dagens fylkesgrenser, utan at dette går ut over innbyggarane sin identitet til lokalsamfunna dei bur i.

Hovudmål 6 slår fast at vi skal arbeide for ei berekraftig forvaltning av dei samla ressursane vi rår over. Den nye regionen skal, innanfor strukturane som vert valde, sikre ei betre forvaltning av dei samla ressursane på Vestlandet enn dagens to fylkeskommunar gjer kvar for seg. Kompetanse, naturgjevne føresetnader og menneskelege ressursar skal nyttast på ein heilskapleg og berekraftig måte. I den vidare organisasjonsutforminga må fokuset på ei berekraftig forvaltning og tenesteyting stå heilt sentralt.

Ein ny folkevald region på Vestlandet – avklaringar og føringar for fellesnemnda

Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland avklarar ei rekkje organisatoriske tilhøve i kap. 3. Til arbeidet med vidare planlegging og førebuing av ein ny region på Vestlandet, legg planen opp til at det vert oppnemnd ei fellesnemnd i samsvar med ordningane i inndelingslova (§ 26). Fellesnemnda skal veljast av og blant medlemene i fylkestinget. Intensjonsplanen legg opp til at nemnda vert samansett av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, med til saman 24 medlemmer.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuaende arbeidet med (økonomiplanen og) budsjettet for det første driftsåret til den nye organisasjonen. Nemnda skal i sin virkeperiode gje fråsegn til KMD om budsjetta og økonomiplanen for fylkeskommunane. Andre arbeidsoppgåver og fullmakter vert fastsette i eige reglement som må vedtakast i dei to fylkestinga. Kvar fylkeskommune kan be departementet om å ta avgjerd i enkeltspørsmål, dersom det ikkje er mogleg å kome fram til semje i fellesnemnda.

Nemnda kan få fullmakt til å gjere tilsetjingar. Dette omfattar m.a. tilsetjing av administrasjonssjef. Ho kan òg få fullmakt til å føre deltaking i interkommunale samarbeid vidare. Reglane i § 59 i kommunelova om lovlegkontroll gjeld tilsvarende for avgjerder fellesnemnda tek. Funksjonsperioden for nemnda går ut når det nye fylkestinget (regiontinget) er konstituert etter reglane i inndelingslova § 27. Dersom fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland i februar 2017 gjer vedtak om å søkje samanslåing, gjer fylkesrådmannen framlegg om at fylkestinga på apriltinget 2017 tek stilling til mandatet nemnda skal arbeide etter, og delegerer mynde til nemnda, i samsvar med inndelingslova § 26.

Intensjonsplanen avklarar følgjande organisatoriske spørsmål i kap. 3:

Regionen sitt namn og merke:	Forhandlingsutvala går inn for at den nye regionen sitt namn vert Vestlandet/Vestlandsregionen. Fellesnemnda får i oppgåve å føreslå eit nytt fylkes-/regionvåpen som kan vere eit samlande symbol for dei to noverande vestlandsfylka.
Representantar i det nye regiontinget:	Forhandlingsutvala går inn for at regiontinget får 65 representantar. Fellesnemnda får i oppgåve å avklare talet nærare, og sjå dette i samanheng med regionen si valordning.
Regionen si valordning:	Ein ny region på Vestlandet vert etablert som éin samla valkrins, og ordninga trer i kraft for region-/fylkestingsvalet hausten 2019. Dersom Stortinget vedtek ein lovproposisjon i 2018 som opnar for ei valordning med utjamningsmandat, legg

	intensjonsplanen opp til at den nye regionen vurderer nærare å nytte ei slik valordning frå og med hausten 2019.
Politisk styreform:	Forhandlingsutvala går inn for at formannskapsmodellen vert lagt til grunn som politisk styringsform for den nye regionen.
Administrasjonssenter og politisk leiing:	Bergen vert administrasjonssenter for den nye regionen, med lokalisering av administrasjonssjef/rådmannsfunksjon og overordna politisk leiing.
Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte:	Regiontinget skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane. Samlingar utover dette vert i hovudsak lagt til administrasjonssenteret. Regionutvalet og hovudutvala sine møte vil i utgangspunktet vere lagt til administrasjonssenteret. Hovudutvala og regionutvalet skal likevel vere fleksible og kunne alternere i regionen for å ivareta lokalkunnskap og halde oppe kontakten med lokalsamfunna i heile regionen. Alle utvala skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane.
Administrasjonsspråk og statleg tenestespråk:	Nynorsk vert administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen. Dette siste vil bety at alle statlege brev til regionen skal vere skrivne på nynorsk.
Val av nytt regionting (kap. 9):	Forhandlingsutvala går inn for at representantane til det nye regiontinget vert valde gjennom valet hausten 2019, og at konstituering av nytt regiontinget vert gjort seinast 01.01.2020.

Politisk og administrativ organisering – leiings- og arbeidsdeling


Den politiske organiseringa inneber eitt regionting, eitt regionutval og fire hovudutval: Samferdsle, næring, opplæring/idrett og kultur. Administrasjonssjefen vil ha ansvar for overordna strategisk samordning og styring av regionen. Stabs- og støttefunksjonar kan vere økonomistyring, HR, innkjøp, IKT, bygge- og eigedomsforvaltninga m.m. Strategisk planlegging kan omfatte m.a. regional planstrategi, klima/miljø og folkehelse. Administrasjonssjefen skal sikre ein kompetent og effektiv organisasjon.

Med fire hovudutval og seks administrative fag-/lineavdelingar, vil to av hovudutvala – samferdsle og næring – få sakstiltfang og tilrådingar frå to fylkes-/regiondirektørar. Samferdsleutvalet får sine administrative tilrådingar frå fylkes-/regiondirektør for kollektivtransport og fylkes-/regiondirektør for (fylkes-)veg. Tilsvarande vil næringsutvalet få sine administrative tilrådingar frå to likestilte fylkes-/regiondirektørar innanfor næringsområdet.

Intensjonsplanen presiserer at oppgåver innanfor alle sentrale fagområde framleis skal kunne utførast i både dagens fylke. Tilsette skal kunne arbeide innanfor ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der den administrative fagleiinga har hovudsete.

Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til endeleg administrativ organisering innanfor rammene som intensjonsplanen set, og må leggje moderne arbeidsformer og geografisk avstandsleiing til grunn i all vidare organisasjonsutforming.

Den politiske organiseringa inneber eit regionting, eit regionutval og fire hovudutval (grunnstruktur):



Fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til endeleg politisk organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast. Fellesnemnda må også i sitt førebuingarbeid utvikle ein samla organisasjonsplan som definerer leiing og lineansvar, stabs- og støttefunksjonar og strategisk planleggingsansvar.

Oppgåver innanfor dei sentrale fagområda skal altså framleis kunne utførast i både dagens fylke. Tilsette kan halde fram å arbeide innanfor ulike sektorar, sjølv om dei ikkje bur og arbeider der administrativ sektorleiing har hovudsete. Dette gjeld også for dei sentrale stabs-, drifts- og støttefunksjonane, som også kan organiserast desentralisert og gjennomgåande i organisasjonen. Sektorinterne funksjonar og fagleg oppgåveløysing av meir operativ karakter kan organiserast med leiing og fysisk plassering andre stader enn der den administrative sektorleiinga er lokalisert.

Den administrative organiseringa (leiingsdelinga) er nærare illustrert under:



Dei fire hovudutvala er teikna inn som «ramme» rundt «sine» administrative sektoreiningar.

Administrative sektorleiarar skal ha tilstrekkelege strategiske funksjonar til å kunne utøve ei profesjonell og effektiv leiing, med nødvendige ressursar og kompetanse. For å sikre ein regional balanse og tilstrekkeleg lokal tilknytning, vert oppgåvene innanfor dei ulike sektorane fordelte slik:

Under hovudutval for samferdsle vert ansvaret for kollektivtransporttilbodet og veg delt mellom to sektorleiarar. Sektorleiar for kollektivtransport får ansvaret for tenestetilbodet i regionen, og denne får sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Sektorleiar for veg får sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil


under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Sektorleiar for vidaregåande opplæring og idrett skal ha sitt hovudsete i Hordaland (Bergen). Under denne leiaren vert plan- og strategiansvaret for den vidaregåande opplæringa i Bergensområdet lagt til Hordaland, medan tilsvarande plan- og strategiansvar for den vidaregåande opplæringa i distrikta i heile den nye regionen lagt til Sogn og Fjordane.

Under hovudutval for næring vert det etablert eit delt geografisk ansvar basert på dagens fylke, Hordaland og Sogn og Fjordane (to likestilte sektorleiarar). Hovudutvalet skal samordne den næringsretta innsatsen i den nye regionen.

Sektorleiar for kultur skal ha sitt hovudsete i Sogn og Fjordane. Det vil under denne sektorleiaren bli etablert eit tredelt plan- og strategiansvar for dei geografiske områda Sogn og Fjordane, Bergensområdet og distrikta i Hordaland.

Dette kan også illustrerast gjennom følgjande matrise (organisasjonsskisse):



Endeleg administrativ organisering vert lagt på plass innanfor desse rammene fram mot 01.01.2020.

Framtidig tenesteyting – prinsipp og føringar

Den nye regionen skal vidareutvikle og sikre høg kvalitet i dei regionale tenestene til innbyggjarane, organisasjonar og næringslivet på Vestlandet. Regionen skal tilby brukarnære og gode tenester innanfor ein effektiv og desentralisert tenestestruktur.

Vestlandsregionen skal yte best muleg tenester og service overfor innbyggjarane gjennom:

- Ein skulestruktur med eit breitt og likeverdig tilbod med fridom til å velje studieprogram
- Eit effektivt, miljøvenleg og framtidstidsretta kollektivtransportsystem
- Ein kvalitativt god standard på vegnett og ferjesamband
- Eit kulturtilbod med gode og tilgjengelege idrettsanlegg

Samordning på tvers av sektorar skal vere eit prioritert og tydeleg kjenneteikn ved Vestlandsregionen si framtidige tenesteyting.

Regionen si disponering av økonomiske ressursar er med på å legge rammene for tenestetilbodet og regionalt utviklingsarbeid. Det vil vere viktig å finne ein god balanse i bruken av ressursar retta mot Bergensområdet og distrikta i regionen.

Arbeidsgjevaransvaret og dei tilsette i regionreforma

Ein ny folkevald region på Vestlandet vert eit nytt rettssubjekt. Arbeidsmiljølova kap. 16-4 regulerer dei tilsette sine rettar ved slik verksemdsoverdraging. Overdraging av verksemd til annan arbeidsgjevar er i seg sjølv ikkje grunn for oppseiing frå tidlegare eller ny arbeidsgjevar. Ingen av dei tilsette skal difor på samanslåingstidspunktet kunne seiast opp som følgje av samanslåinga. Endringar i stilling og arbeidsoppgåver må likevel kunne reknast med. Medarbeidarar som eventuelt blir overtalige som følgje av «dublring» eller behov for ny organisering, vil få tilbod om annan relevant stilling med utgangspunkt i kompetanse og arbeidserfaring etter samtalar i tråd med lov- og avtaleverk.

Fylkesrådmannen meiner det er fornuftig med eit femårig vern mot oppseiing av medarbeidarar som vert overtalige som direkte følgje av samanslåinga. Ein skal i størst mogleg grad nytte naturleg avgang som eit aktivt verkemiddel for å unngå oppseiing av tilsette ved ein eventuell nedbemanning. Dersom lokalisering av arbeidsplassar medfører endra arbeidsstad for noverande tilsette, skal det leggjast til rette for fleksible overgangsordningar slik at den tilsette får ei moglegheit til å halde fram med å jobbe i den nye regionen. Perioden for overgangsordningar skal også ha fem års varigheit frå samanslåingsdato.

Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitik, og som skal vurdere ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Fylkesrådmannen legg til grunn at partane elles skal forhandle fram felles retningslinjer for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad.

Økonomi

I intensjonsplanen er det teke inn slik formulering:

«Disponibel formue mv. frå dei to fylkeskommunane skal frå 01.01.2020 disponerast av det nye regiontinget til beste for innbyggjarar, samfunn og næringsliv i heile den nye Vestlandsregionen.

Då Sogn og Fjordane fylkeskommune har relativt høge netto formuesverdiar og høge lokale inntekter, blir fylket gitt høve til å la desse verdiane bli haldne utanfor regionetableringa i 2020. Dersom fylkeskommunen vel å gjere dette, vil fylket kunne leggje nemnde verdiar i egne investerings- og disposisjonsfond. Det samla fondsbeløpet skal ikkje overstige 1,5 mrd.kr.

I så fall kan heile beløpet frå salet av Fjord1 AS (1.064 mill.kr, inkl. sluttoppgjer i juni 2020) og det fylkeskommunen eventuelt måtte ha av bokførte aksjeverdiar i SFE AS/SF Holding AS ved regionetableringa i 2020 (356 mill.kr pr. 31.12.16) fondsplasserast. Fondsmidlane, og utbytte av aksjane, skal kunne nyttast til særskilde investerings- og utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane.

Fellesnemnda får i oppgåve å bli samde om vedtekter for fondet. Regiontinget vil delegere forvaltninga fondet til eit fondsstyre, valt av og blant regiontingets medlemmer. I fondsstyre skal representantar frå Sogn og Fjordane ha fleirtal.»

På dette punktet fekk forhandlarane frå Sogn og Fjordane aksept for mykje av det som vart kravd.

Vilkår for ein ny region på Vestlandet

Forhandlingsutvala slutta seg 17.01.17 til intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, men valde å tydeleggjere følgjande vilkår for å etablere ein ny region på Vestlandet:

- a) Viktige samfunnsoppgåver vert overførte frå statleg til regionalt folkevalt nivå, og desse vert sett i samanheng med sentrale oppgåver og ansvarsområde som fylkeskommunane no har.
- b) Det er ein føresetnad at ansvaret for kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis skal liggje til regionen/fylkeskommunane.
- c) Regionen skal ha ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta.
- d) Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar føreset at fylka i sin heilskap inngår i den nye Vestlandsregionen.
- e) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur.
- f) Det vert lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leiing frå Sogn og Fjordane.
- g) Dei to fylkeskommunane legg til grunn at det nye regionkontoret for NAV vert lokalisert i Bergen.
- h) Eit eventuelt regionalt bestilleransvar for landsdekkande ferjeverksemd vert lagt til Vestlandet.

Fylkesrådmannen held vidare fram at det bør vere eit sams vilkår at ein framtidig administrasjons- og tenestestruktur for regionen byggjer på desentralisering, maktspreiing og det å ta heile regionen i bruk.

4. Høyringsfråsegner til regionreforma på Vestlandet – relevante tema

Fylkesrådmannen fekk inn om lag 270 høyringssvar i samband med høyringa av intensjonsplanen som i haust vart framforhandla mellom Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. 25 av kommunane i Sogn og Fjordane sende inn fråsegn. Av desse var 16 kommunar positive til at Sogn og Fjordane slår seg saman med andre fylke på Vestlandet, medan 9 var negative.

Fylkesrådmannen merka seg at fleire av kommunane som var positive til samanslåing peikte på at avstandane mellom Sogn og Fjordane og Rogaland (i dag) er store, og at dette ville kunne medføre svært krevjande utfordringar for samhandlinga i ein ny region.

Av kommunane som stilte seg kritiske/negative til samanslåing, var det også fleire som peikte på at dei geografiske avstandsulempene var ein medverkande årsak til at ein landa på dette standpunktet. Av kommunane som var negative til denne intensjonsplanen meinte fleire det beste alternativet vil vere å slå saman Sogn og Fjordane og Hordaland. Ein slik ny region vil få i overkant av 1/10 av innbyggjarane i Noreg, og såleis svare til kravet om «om lag 10 meir like regionar enn dagens fylke». Ei eventuell ny regioninndeling vil også kunne tvinge fram fleire andre organisatoriske endringar innanfor offentleg og privat sektor. Sogn og Fjordane og Hordaland som ny region vil lettare kunne vere målestokk for nye organisatoriske einingar enn den føreslegne store vestlandsregionen med tre fylke. Fleire etatar som politi, beredskap mfl. er allereie på veg inn i ei slik geografisk inndeling, og alle statlege etatar burde på sikt kunne organiserast etter den modellen.

Av kommunane som stilte seg positive til ein framtidig region på Vestlandet, la fleire vekt på sjølvne grunnlaget for regionreforma. Ei meir målretta regional samordning av sektorar, der den regionale staten er meir forplikta i regionale planprosessar, vart sett på som viktig for kommunane. Meld. St. 22 (2015-2016) «Nye folkevalde regionar – rolle struktur og oppgåver» legg opp til dette, og at det folkevalde

regionnivået skal spele tettare på lag med stat og kommune. Ei styrkt regional samfunnsutviklarrolle skal betre leggje til rette for utvikling og vekst. Fylkesrådmannen meiner ei samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland legg til rette for dette, på same måten som då det var tale om samanslåing av tre fylke.

Fleire kommunar la til grunn at Stortinget ønskjer om lag 10 folkevalde regionar, og meinte dette vil styrke potensialet for samhandling og dialog mellom regionale statlege styresmakter og dei folkevalde regionane. Dagens manglande samanfall mellom fylkesinndelinga og staten si regionale inndeling, og utfordringane dette skaper for samhandling og samordning av innsats for samfunnsutvikling i ein region, vert vurdert som negativ. Større og færre regionar vil redusere desse utfordringane, sjølv om det no er to fylke – og ikkje tre – som vurderer samanslåing. Kommunane forventar at når nye kommunale og regionale strukturar er på plass, vil regjeringa sjå på staten sine regionale strukturar for å styrke samhandlinga mellom staten og lokal- og regionalpolitisk nivå ytterlegare.

Av kommunane som stilte seg negative eller skeptiske til ein ny framtidig region, la fleire vekt på at samanslåinga vil kunne føre til at makt, tenester og arbeidsplassar vert flytte ut av fylket og skape unødvendig avstand mellom dei styrande og lokalsamfunna i Sogn og Fjordane. Det vart peikt på at dersom ein skal godta minussida ved samanslåinga, må reforma ha ei tydeleg plusside, noko fleire ikkje såg. Enkelte syntte til at det først bør gjerast klårt frå sentrale styresmakter kva som skal delegerast til regionane av mynde og tenester før ein diskuterer struktur.

Kommunane i Sogn og Fjordane var elles samstemde i synet på at fylket ikkje skal splittast opp som følgje av regionreforma, og at til dømes heile eller deler av Nordfjord ikkje må frådelast til Møre og Romsdal. To kommunar i Nordfjord bad om at fylkestinget startar eit arbeid for å inkludere heile eller deler av Møre og Romsdal i den framtidige regionen, då ein i dag har eit nært samanvevd næringsliv og tette relasjonar særleg mellom kommunane i Nordfjord og på Sunnmøre. Fylkesordføraren følgde opp dette etter fylkestinget vårt i desember 2016, men fekk ikkje «napp» i nordfylket.

Fleire kommunar presiserte at statlege forvaltningsorgan må samordne sine regiongrenser med dei nye folkevalde regionane, slik at vi får ein samla, ny regionstruktur som lettar all koordinering og samordning på tvers av sektorar og fagetatar. Dette vert sett på som ein av hovudvinstane med regionreforma.

Tre kommunar peikte på at Sogn og Fjordane ved å gå inn i ein region, slik intensjonsplanen frå 15.09.16 skisserte, kunne miste den lokale kontrollen over verdiane som ligg i Sogn og Fjordane Energi (SFE). Fylkesrådmannen meiner dette punktet er retta opp gjennom kap. 7 i den nye intensjonsplanen.

Arbeidstakar- og arbeidsgjevarorganisasjonar sine høyringsfråsegner

LO Sogn og Fjordane understreka at denne saka er særleg viktig for dei tilsette i sentraladministrasjonen i fylkeskommunen. LO var elles generelt skeptiske til ein ny stor vestlandsregion. Dette skuldast m.a. at dei nye statlege oppgåvene til regionane ikkje er klarlagde. Sidan stortingsfleirtalet er tydeleg på at regionreforma kjem, bad LO om at Sogn og Fjordane fylkeskommune tek omsyn til at nye og fleire oppgåver som staten i dag utfører, må på plass for at eit nytt regionalt folkevalt nivå skal vere aktuelt.

Både LO Sogn og Fjordane og NHO Sogn og Fjordane meinte målet med ein ny region må vere å utvikle ein sterk og samla landsdel som er attraktiv for auka busetting og næringsutvikling. Ved å etablere ein ny og større region vil næringslivet i større grad kunne vere i stand til etablering og næringsutvikling på tvers av dei noverande fylkesgrensene. Ein ny region vil i større grad også kunne dra til seg statlege oppgåver og arbeidsplassar, vart det peikt på. Det vil også kunne bli lettare å få til større private etableringar.

Med Bergen som administrasjonssenter, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing, stilte fleire organisasjonar spørsmål ved korleis den nye leiinga vil leggje opp funksjonar som t.d.:

- a) Økonomi (planlegging og løn- og rekneskapsfunksjon),
- b) Innkjøpstenesta,
- c) HR-funksjonar/personal,
- d) IKT-tenesta,
- e) bygge- og eigedomstenesta,
- f) kommunikasjons- og informasjonstenesta.

Tilsetteorganisasjonane var opptekne av at Sogn og Fjordane fylkeskommune i den førebuande fasen må ha eit medvite forhold til kva ei sentralisering av slike funksjonar har å seie for dei tilsette innanfor desse områda i dag. Slik intensjonsplanen er utforma, er det ope om sentrale stabs- og støttefunksjonar vert samla og samlokaliserte i Bergen, *eller* om desse skal leiast frå Bergen i ein framtidig vestlandsregion.

Enkeltpersonar sine fråsegner

Ein svært stor del av fråsegnene som kom inn frå enkeltpersonar la vekt på at nynorsk bør vere administrasjonsspråk og statleg tenestespråk for den nye regionen. Dei to forhandlingsutvala frå Sogn og Fjordane og Hordaland går i den nye intensjonsplanen av 17.01.17 inn for dette. I tillegg er dette med nynorsk som statleg tenestespråk no kome inn.

5. Oppfølging av eit samanslåingsvedtak

Inndelingslova

Når det ev. er gjort vedtak om samanslåing av dei to fylkeskommunane, bestemmer inndelingslova § 25 at Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal kalle fylkestinga saman til fellesmøte der m.a. følgjande tema skal avklarast:

- a) Namn på den nye regionen.
- b) Tal medlemer i det nye fylkes-/regiontinget.
- c) Kriterium for samansetjing av, og funksjonar til, ei fellesnemnd etter Inndelingslova sin § 26.
- d) Val av revisor for fellesnemnda si verksemd.
- e) Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Etter at fylkestinga i fellesmøta har drøfta dei spørsmåla som er nemnde i inndelingslova, skal fylkestinga kvar for seg gjere formelle vedtak om det ein er samde om. Fylkestinga må i denne runden vedta mynde og reglement for fellesnemnda. Når dei formelle spørsmåla er avklarte, må fylkestinga gjere nødvendige vedtak for å starte samanslåingsprosessen.

Personalpolitisk prosjektgruppe for planlegging og gjennomføring

Det vert sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal utvikle ein felles lønspolitik, og som skal vurdere ei harmonisering av dei tilsette sine løns- og arbeidsvilkår der dette er rimeleg. Partane skal forhandle fram felles retningslinjer for handsaming av overtalige, der ein m.a. tek omsyn til rimeleg reisetid ved tilbod om endra arbeidsstad. Alle desse omsyna bør, etter fylkesrådmannen si meining, samlast i ein eigen omstillingsavtale mellom arbeidsgjevar og dei tilsette sine organisasjonar.

6. Regionreforma – status i andre fylke per 01.01.2017

Per 01.01.2017 har alle fylkestinga gjort vedtak i regionreformsaka. I tabellen under summerer fylkesrådmannen opp det samla biletet vi ser så langt.

Fylkeskommune	Standpunkt i regionreformsaka per 01.01.2017
Finnmark	Fleirtal for at fylket skal halde fram som eige fylke.
Troms	Fleirtal for at fylket skal halde fram som eige fylke.
Nordland	Fleirtal for at fylket skal halde fram som eige fylke, men sekundært fleirtal for at det vert gjort grensejusteringar. Eit tredje alternativ som fekk fleirtal inneber at det vert sett i verk nye forhandlingar med Troms.
Nord-Trøndelag	Stortinget har vedteke eitt Trøndelag frå 01.01.2018.
Sør-Trøndelag	Stortinget har vedteke eitt Trøndelag frå 01.01.2018.
Møre og Romsdal	Fleirtal for at fylket skal halde fram som eige fylke. Ein kommune går over til det samla Trøndelagsfylket.
Sogn og Fjordane	Ja til «Vestlandsregionen», men nye forhandlingar med berre HFK.
Hordaland	Ja til samanslåing med Sogn og Fjordane, og open for ev. kommunar i Rogaland som ønskjer å slutte seg til ein ny region på Vestlandet.
Rogaland	Fleirtal for at fylket skal halde fram som eige fylke.
Vest-Agder	Fleirtal for at fylket skal slå seg saman med Aust-Agder.
Aust-Agder	Fleirtal for at fylket skal slå seg saman med Vest-Agder.
Telemark	Fleirtal for samanslåing av Buskerud, Telemark og Vestfold, og dermed nei til samanslåing av berre Telemark og Vestfold.
Vestfold	Fleirtal for samanslåing av Buskerud, Telemark og Vestfold.
Buskerud	Fleirtal for samanslåing av Akershus, Østfold og Buskerud (Viken).
Oppland	Fleirtal for at fylket skal halde fram som eige fylke.
Hedmark	Fleirtal for at fylket skal halde fram som eige fylke.
Oslo	Fleirtal for å halde fram som eigen kommune med fylkeskommunale oppgåver.
Akershus	Fleirtal for at fylket skal halde fram som eige fylke. Nei til «Viken».
Østfold	Fleirtal for at fylket skal halde fram som eige fylke. Nei til «Viken».

Fylkesrådmannen understrekar at Stortinget våren 2016 vedtok Trøndelag som ein ny region frå 01.01.18. Basert på dei øvrige fylkestinga sine vedtak åleine, ligg det berre an til at tal fylkeskommunar går ned med to, frå 19 til 17, dersom Stortinget følgjer fylkestinga sine vedtak og berre slår saman fylke der det ligg føre identiske samanslåingsvedtak; Trøndelag og Agder. Sjølv om andre fylkeskommunar har vedteke til dels klare ønskje om samanslåing, er ikkje vedtaka identiske med nabofylket sitt vedtak.

Oslo, Rogaland, Møre og Romsdal, Finnmark, Hedmark og Oppland har alle vedtak på at dei ønskjer å halde fram som sjølvstendige regionar.

Kommunalminister Jan Tore Sanner har tidlegare ikkje utelukka at Stortinget kan kome til å bruke tvang for å slå saman fylke. Fylkesrådmannen meiner uvissa som no rår i denne saka dannar grunnlag for å leggje fram ei todelt innstilling til fylkestinget.

7. Fylkesrådmannen si samla vurdering og tilråding

Samla vurdering

Gjennom den offentlege høyringa av intensjonsplanen frå 15.09.16 hausten 2016 kom det fram at eit klart fleirtal av kommunane i Sogn og Fjordane stilte seg positive til ein ny folkevald region på Vestlandet. Fylkestinget gjekk også 07.12.16 inn for ein større region på Vestlandet frå 01.01.2020.

Då fylkestinget i Rogaland 14.12.16 valde å seie nei til intensjonsplanen av 15.09.16, fekk det oppnemnde forhandlingsutvalet i Sogn og Fjordane i oppdrag å gjennomføre ein ekstra forhandlingsrunde med Hordaland i januar 2017. Fylkesrådmannen meiner intensjonsplanen som no er forhandla fram mellom Sogn og Fjordane og Hordaland dannar eit godt utgangspunkt for ei regionreform på Vestlandet. Fylkesrådmannen er likevel tydeleg på at det er utfordringar og føresetnader som bør kome på plass for at ein ny folkevald region på Vestlandet skal vere tenleg for innbyggjarane i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har heile tida lagt til grunn at fylket ikkje skal delast, men gå samla inn i ein ny region frå 2020. Dette bør vere eit ufråvikeleg krav frå fylkestinget i Sogn og Fjordane.

Regional planlegging er det sentrale verkemiddelet for å utøve samfunnsutviklarrolla. Regionale planprosessar bringar aktørar saman, og synleggjer samanfallande og motstridande mål. Meir forpliktande regionale planar som femnar om heile Vestlandet vil styrke det regionale folkevalde nivået sin innverknad på samfunnsutviklinga i landsdelen. Trongen for statleg overordna planverk på tvers av dagens fylkesgrenser vert då også redusert. Statleg forpliking i regionale planprosessar må vere eit krav Stortinget følgjer konkret opp i samband med regionreforma, jf. føringane i Meld. St. 22 (2015-16).

Større regionar vil leggje til rette for breiare fagmiljø med kapasitet og kompetanse til å ivareta både noverande og framtidige roller og oppgåver. Ein ny folkevald region på Vestlandet vil ha potensial for å utvikle sterke fagmiljø på fleire område, og har solide tradisjonar for å samhandle svært effektivt og profesjonelt med utgangspunkt i ein desentralisert struktur og delte administrasjonsmiljø. Nye arbeidsformer og digitalisering er viktige verkemiddel for å bli effektive og framtidsretta i ein desentralisert organisasjon.

Generalistprinsippet inneber at dei minste fylkeskommunane/regionane er dimensjonerande for kva for nye oppgåver regionane kan få i samband med regionreforma. Fylkesrådmannen tek til orde for ei oppmjuking av generalistprinsippet, der dei nye, store folkevalde regionane får tillagt oppgåver som mindre regionar/fylke ikkje har innbyggjartal og kompetanse til å løyse.

Informasjon og drøfting med dei tillitsvalde

Fylkesrådmannen har i arbeidet med reforma lagt opp til brei involvering av dei tilsette og tilsetteorganisasjonane. Det var hausten 2016 m.a. tre allmøte i sentraladministrasjonen for å informere og oppdatere dei mest råka tilsette om status i saka. Det er også gjennomført fleire informasjons- og drøftingsmøte med dei hovudtillitsvalde hausten 2016. Dei tilsette sin rett til medverknad er ivareteken i samsvar med arbeidsmiljølova sitt kap. 8 og hovudavtalens in del B, § 1.

Innanfor gjevne tidsfristar har det ikkje vore tid til tilsvarande involvering no i januar-17. Dei tillitsvalde har framleis vore representerte i forhandlingane, men ein representant i forhandlingsutvalet. Regionreforma er elles hovudtema på ei større leiarsamling i Sogn og Fjordane fylkeskommune 26.-27.01., der også KMD vil stille. Fylkesrådmannen har elles kalla inn til eit eige allmøte i heile sentraladministrasjonen 07.02.17 for å informere om intensjonsplanen og fylkestinget si handsaming av denne. Intensjonsplanen legg elles opp til at det vert etablert ei felles partssamansett arbeidsgruppe (SF-H, leiinga og organisasjonane) dersom baa fylkestinga no gjer positive vedtak om samanslåing.

Tilråding

Fylkesrådmannen har i dette saksframlegget lagt vekt på å skildre innhaldet i intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland frå 01.01.2020, og gjer i saka ei todelt tilråding.

Dersom regionreforma får som utfall at tal fylke/regionar vert ført vidare på tilnærma dagens nivå, og Stortinget ikkje finn grunnlag for å overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå, meiner fylkesrådmannen Sogn og Fjordane bør halde fram som eige fylke/eigen region.

Dersom Stortinget derimot vedtek ei nasjonal regionreform basert på vesentleg færre fylke, legg til rette for harmonisering mellom statlege regionar og det regionale folkevalde nivået, og styrkar regionnivået gjennom ei rasjonell og gjennomtenkt oppgåveoverføring, meiner fylkesrådmannen Sogn og Fjordane fylkeskommune, i samsvar med inndelingslova, bør søkje Stortinget om samanslåing i ein ny, folkevald region på Vestlandet frå 2020. Fylkestinget må i dette tilfellet leggje til grunn at fylkestinget i Hordaland òg går inn for slik samanslåing.

Sogn og Fjordane fylkeskommune bør i dette tilfellet leggje den framforhandla intensjonsplanen av 17.01.17 til grunn som rammeverk for Vestlandet/Vestlandsregionen, med nokre tydelege presiseringar:

Den framtidige administrasjons- og tenestestrukturen innanfor Vestlandet/Vestlandsregionen må byggje på desentralisering, maktspreiing og prinsippet om å ta heile regionen i bruk. Tilsette skal gjennom ein brukarnær og desentralisert struktur kunne utføre oppgåver innanfor alle sentrale fagområde og sektorar, sjølv om dei ikkje arbeider der den administrative leinga har hovudsete. Ved framtidig rekruttering skal dette prinsippet stå sentralt.

Fylkesrådmannen meiner vidare *ekspertutvalet* som skal opprettast i samband med regionreforma må leggje til rette for at Stortinget kan overføre viktige samfunnsoppgåver frå statleg til regionalt folkevalt nivå. Både samfunnsutviklarrolla og rolla som leverandør av offentlege tenester og velferdsytingar må styrkast. Fylkeskommunane må vere representerte i ekspertutvalet.

Det har vore halde fram som eit viktig punkt for Sogn og Fjordane fylkeskommune at det regionaliserte fylkesmannsembetet får ei organisering og ei regional inndeling som samsvarer med det framtidige folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur. Det er i forhandlingane med Hordaland òg lagt til grunn at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke, med leining frå Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen støttar også opp om intensjonsplanen sitt punkt som skisserer oppnemninga av ei fellesnemnd for overgangsperioden 2017-20 bestående av dei to fylkesutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland, med til saman 24 medlemmer. Fellesnemnda vil då ha 9 medlemmer frå Sogn og Fjordane og 15 medlemmer frå Hordaland, og nemnda vil reflektere den politiske oppslutnaden i dei to fylka i inneverande valperiode. Mandat og fullmakter for fellesnemnda bør fastsetjast snarleg og gjennom eit eige vedtak i fylkestinget i april i år.

Fylkesrådmannen meiner fylkestinget også i vedtaket bør få tydeleg fram at ein frå Sogn og Fjordane fylkeskommune si side stiller seg positiv til at kommunar i Rogaland og Møre og Romsdal, som eventuelt ønskjer å bli ein del av den nye folkevalde regionen på Vestlandet, søker om dette.